



Sunnfjord
kommune



Handbok

Kommentarar og rettleiing til modell for fordeling av ressursar til skulane i Sunnfjord kommune.

Innhald

Handbok.....	1
1 Innleiing.....	3
2 Lov og avtaleverk	4
2.1 Opplæringslova.....	4
2.1.1 Ansvar for ressursfordeling.....	4
2.1.2 Pedagogiske ressursar	4
2.1.3 Ressursar til leining	6
2.1.4 Ressursar til ikkje pedagogisk personale.....	6
2.1.5 Driftsmidlar til skulane.....	6
2.2 Stortingsvedtak	6
2.2.1 Stortingsvedtak 12.juni 2003 om fordeling av ressursar frå kommunenivå til skulenivå:.....	6
2.3 Avtaleverk.....	7
2.3.1 SFS 2213 Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale	7
3 Lokale prinsipp som ligg til grunn for Sunnfjordskulen	7
3.1 Prinsippet om tilpassa opplæring	7
4 Modell for fordelinga av ressursar til undervisning i skulane i Sunnfjord	8
4.1 Grunnlagsdata for utrekning av ressursane i modellen.....	8
4.1.1 Klassedelingsreglar som gjeld	8
4.1.2 Timetalet for kvart årssteg	9
4.1.3 Elevtal	9
4.1.4 Tal årsverk for lærarar med rett til livsfasetiltak.....	9
4.2 Kva som ligg til grunn for dei ulike kolonnane i modellen	9
4.2.1 Grunntimar til undervisning for første årssteg. Kolonne C,D og E	9
4.2.2 Timar til justering for 1. klasse og tidleg innsats. Kolonne F og G	9
4.2.3 Grunntimar til undervisning 2.-7. årssteg. Kolonne I, J, K og L.....	10
4.2.4 Grunntimar til 8.-10. årssteg. Kolonne I, J, K og L.....	10
4.2.5 Tidleg innsats fordelt etter elevressurs. Kolonne N	10
4.2.6 Timar til spesialundervisning § 5.1. Kolonne P	10
4.2.7 Timar til tilpassa opplæring/skjønnsrett Q	11

4.2.8	timar til tidsressurspott. Kolonne R	11
4.2.9	Timar til livsfasetiltak. Kolonne S	11
4.2.10	Timar til opplæring i særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar §2.8. Kolonne U og V	11
5	Leiingsressurs til skulane.....	12
6	Område som ikkje er inne i hovudmodellen	12
6.1	Midlar til leksehjelp.....	12
6.2	Leirskule/overnatting.....	12
6.3	Ressursar til tid til å utøve ulike funksjonar	12
6.4	Timar til assistentar og andre faggrupper	12
6.5	Vikarmidlar.....	13
6.6	Timar til elevar frå andre kommunar, (gjesteelevar).	13
6.7	Driftsmidlar.....	13


1 Innleiing

Frå 2020 skal skulane i Sunnfjord kommune få tildelt ressursar etter ein felles modell. Denne modellen gjeld fordeling av ressursane frå kommunenivå til den einskilde skule. Skulane står fritt til å nytte dei tildelte midlane på dei ulike klassar/grupper og årssteg så lenge dei held seg innanfor lov og avtaleverk, sentrale føringar og lokale føringar sett av Sunnfjord kommune.

Modellen har som hovudprinsipp at mest mogleg av undervisninga skal skje i fellesskap innanfor klassen/gruppa sine rammer og prinsippet om tilpassa opplæring skal leggest til grunn. Elles er tidleg innsats eit anna hovudprinsipp som skal leggest til grunn.

Ressursmodellen tek utgangspunkt i noverande skulekrinsar og elevtal knytt til desse. Modellen har klassen som hovudgrunnlag for fordeling av ressursar, men med elevtalet som eit anna viktig element. Elevressursen skal vere så stor at den dekker behovet for tilpassa opplæring. I tillegg skal den dekke behovet for timar til gruppedeling i praktisk/estetiske fag og andre fag som krev ekstra deling i grupper. Timar til valfag/tilvalsfag på ungdomssteget skal også dekkast av elevressursen.

I tillegg skal modellen ha innebygd i seg at det skal vere nok ressursar til å dekke opp alle krava i avtaleverket (SFS 2213). Det gjeld livsfasetiltak, tidsressurspott, kontaktlærarteneste for elevane og ressurs til kontaktlærar for elevrådet. På ungdomssteget skal det også avsettast ressursar til sosialpedagogisk teneste/rådgjeving



Modellen skal også ha eit eige system for fordeling av ressursar til dei elevane som har behov for eigne ressursar. Dette gjeld både lærartimar og timar med andre faggrupper. Det er avsett eigne ressursar til morsmål/norsk for flyktningar og innvandrarar.

Det er også laga ein eigen modell for utrekning av leiingsressursar på skulane i samsvar med nasjonalt regelverk og lokale avtaler/vedtak.

2 Lov og avtaleverk

2.1 Opplæringslova

2.1.1 Ansvar for ressursfordeling

§ 13-10. Ansvarsomfang

Kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

2.1.2 Pedagogiske ressursar

§ 1-3. Tilpassa opplæring

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

§ 1-4. Tidleg innsats på 1. til 4. trinn

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.


§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.



Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i egne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.

§ 5-1. Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetallet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

§ 8-2. Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhøyr. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.

§ 8-3. Forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar

Departementet kan fastsetje nærmare forskrifter om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune. Forholdstalet kan variere på ulike trinn.

§ 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter. Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelp, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

§ 13-7 b Plikt for kommunen til å tilby leirskuleopphald eller annan skuletur

Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskuleopphald eller annan skuletur med minst tre overnattingar i samanheng.

2.1.3 Ressursar til leing

§ 9-1. Leing

Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leing.

Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

2.1.4 Ressursar til ikkje pedagogisk personale

§ 10-11. Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling og som skal hjelpe til i opplæringa

Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling etter § 10-1 eller § 10-6 kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rettleiing. Slik hjelp må berre skje på ei slik måte og i eit slikt omfang at eleven får forsvarleg utbytte av opplæringa. Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling, skal ikkje ha ansvaret for opplæringa.

2.1.5 Driftsmidlar til skulane

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

§ 9-3. Utstyr

Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.

§ 9-5. Skoleanlegga

Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar.

2.2 Stortingsvedtak

2.2.1 Stortingsvedtak 12.juni 2003 om fordeling av ressursar frå kommunenivå til skulenivå:

«C. Votering i sak nr. 22:

Presidenten: Det voteres over forslag oversendt fra Odelstingets møte 12. juni 2003:

«Stortinget ber Regjeringen gjennom tilsynsordningen påse at oppheving av delingstallet ikke blir brukt som et sparetiltak. **Klassedelingstallet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingstall er opphevet.**

Stortinget ber Regjeringen i den annonserte stortingsmelding på grunnlag av Kvalitetsutvalgets innstilling å vurdere ulike modeller for ressurstildeling til skolene.»

Her står Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre bak forslaget. Arbeiderpartiet har varslet at de også vil støtte dette forslaget.
Votering: Forslaget bifaltes med 84 mot 15 stemmer. (Voteringsutskrift kl. 01.22.38)»

2.3 Avtaleverk

2.3.1 SFS 2213 Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale

Fordeler årsverk mellom tid på skulen og læraren si eigentid til planlegging av undervisninga og etterarbeid i tillegg til fagleg ajourføring.

I tillegg regulerer avtalen tid til særskilde oppgåver og tid til livsfasetiltak.

Har også eige punkt om tid til leiing.

3 Lokale prinsipp som ligg til grunn for Sunnfjordskulen


3.1 Prinsippet om tilpassa opplæring

Ein viktig føresetnad for både likeverdrprinsippet og inkluderande opplæring er prinsippet om tilpassa opplæring. Prinsippet om tilpassa opplæring er fastsett i opplæringslova (§1-3). Her kjem det fram at «opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten». Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile grunnskuleopplæringa

Tilpassa opplæring skal skje innanfor den ordinære opplæringa og skal gjennomsyre all opplæring. Kjerna i prinsippet er at opplæringa skal ta utgangspunkt i den einskilde elev og leggast til rette på ein slik måte at eleven får eit tilfredstillande utbytte av opplæringa. Prinsippet set store krav til differensiering av opplæringa. Opplæringa må tilpassast den einskilde elev sine evner og føresetnadar, samtidig som det er viktig å oppretthalde eit fellesskap for elevane. Ved å variere mellom ulike typar arbeidsoppgåver, arbeidsmåtar, lærestoff, læremiddel og organisering skapar læraren eit læringsmiljø der denne balansen blir best mogeleg ivaretatt.

For einskilde elevar er ikkje ei tilpassing innanfor ramma av den ordinære opplæringa nok til at dei får eit tilfredstillande utbytte av opplæringa. Då aktualiserast behovet for spesialundervisning. Spesialundervisning inneber ei meir omfattande individuell tilpassing som blant anna kan omfatte avvik frå innhaldet i opplæringa slik det går fram av Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Spesialundervisning er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring, som det er knytt eit einskildvedtak til.

Modell for tilpassa opplæring i Sunnfjord kommune



4 Modell for fordelinga av ressursar til undervisning i skulane i Sunnfjord

Modellen inneheld ein kombinasjon av automatisk utrekning av ressursar og ein del som inneheld fordeling på bakgrunn av vedtak og skjønn. Den delen som bygger på automatisk utrekning av ressursar tek utgangspunkt i innlegging av tal elevar og lærarar i starten og slutten av yrkeslivet. Modellen legg også til grunn at kommunen skal nytte dei gamle klassedelingsstala jf. Stortingsvedtak frå 2003. I modellen er det også rekna med timar på 60 minutt.

4.1 Grunnlagsdata for utrekning av ressursane i modellen

4.1.1 Klassedelingsreglar som gjeld

Følgjande klassedelingsreglar gjeld:

Fulldelte ungdomsskular: Maks 30 pr. klasse

Fulldelte barneskular: Maks 28 pr. klasse

Fådelte barneskular: Maks 12 for udelt skule

Maks 18 når 3 årssteg går saman

Maks 24 når 2 årssteg går saman

Fådelte ungdomsskular: Det same som fådelte barneskular

I tillegg held vi fast på deling slik 6-årsreforma la opp til når 1. klasse er meir enn 18 elevar på årssteget.

4.1.2 Timetalet for kvart årssteg

I Sunnfjord er det vedtekte følgjande timetal for kvart årssteg:

1.- 4. klasse:	19 veketimar
5.- 7.klasse:	21 veketimar
8. -10. klasse:	23,25 veketimar i gjennomsnitt

4.1.3 Elevtal

I modellen er det lagt inn ein tabell for elevtalet på alle skulane for alle årskull som er fødde til og med 10.klasse. Desse skal oppdaterast 1 januar kvart år og vere grunnlag for ressursfordelinga i årsbudsjettet og for kvart skuleår. Dette er også grunnlaget for planlegginga framover og for ressursfordelinga i økonomiplanen. Desse tala styrer den delen av ressursane som er automatisk utrekna etter elevtal og klassetal.

4.1.4 Tal årsverk for lærarar med rett til livsfasetiltak

Det er lagt inn tabellar for årsverk lærarar i første undervisningsår etter utdanning, lærarar mellom 57 og 60 år og over 60 år. Dette gjeld den stillingsstorleiken for undervisning for dei aktuelle lærarane. Tala må oppdaterast 15.januar og 1.august.

4.2 Kva som ligg til grunn for dei ulike kolonnane i modellen

Kolonnane som ein viser til her, ligg i hovudskjema for rammetimetal (fane – rammetimar).

																		C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	
1. klasse			2-10. klasse			Tilpassa	Tidleg innsats midlar		Samla	Spesped-	Tilpassa	Tidsressurs-	Livsfase-	Slutt-	Tillegg § 2-8																								
Elevtal	Klasse-tal	Timar	kst.sty	Tidleg innsats	Netto rammetal	Elevtal	Klasse-tal	Kl.timar	tillegg	1-10.klasse	nto.timetal	timar	opplæring/skjønns-pott	pott	politikk	timetal	Norsk	Mors-mål	TOTAL																				

4.2.1 Grunntimar til undervisning for første årssteg. Kolonne C,D og E

Modellen reknar her ut kva ressursar skulen treng for å kunne ha grupper på 18 eller mindre for 1.klasse. Modellen legg til grunn at 1.klasse skal ha 19 undervisningstimar kvar veke. Modellen har her lagt inn også timar til kontaktlærarar.

4.2.2 Timar til justering for 1. klasse og tidleg innsats. Kolonne F og G

Her er det lagt inn ei kolonne F til å justere timetalet til 1. klasse for skular med så få elevar at det ikkje slår inn på hovudmodellen. Prinsippet er at alle skulane skal få ressursar tilsvarende 1,5 t/v pr. 1.klassing. Kolonne G syner tildeling av midlar til tidleg innsats. Når midlane no er lagt i ramma til kommunen, må timane utreknast i høve til berekna sum kommunen får.

Kolonne H inneheld samla timetalet til 1.klasse.

4.2.3 Grunntimar til undervisning 2.-7. årssteg. Kolonne I, J, K og L

Modellen reknar med bakgrunn i elevtal og klassesdelingsreglane ut kor mange lærartimar kvart årssteg må ha. Grunnlaget for utrekninga er også tal undervisningstimar for kvar veke for dei ulike årsstega som er vedteke i Sunnfjordskulen.

Modellen reknar i tillegg også ut ein elevressurs på bakgrunn av elevtalet samla på 2.-7. årssteg. Desse timane skal dekke timar til kontaktlærarfunksjonen, delingstimar i dei praktisk-estetiske faga, delingstimar i symjing og andre fag med behov for deling.

Modellen reknar også ut eit tillegg til tilpassa opplæring. Dette utgjør 10% av lærartimane årssteget må ha, og kan nyttast til delingstimar i andre fag. Til dømes kan timane nyttast til rettleia lesing og kurs i lesing og rekning for elevar som treng ekstra hjelp i periodar, men ikkje har spesialundervisning.

Kolonne I har elevtal 2.-7.klasse, kolonne J er klassetal etter klassesdelingsreglane, kolonne K er samla minstetimetall klassen må ha og kolonne L er tilpassa tillegg.

4.2.4 Grunntimar til 8.-10. årssteg. Kolonne I, J, K og L

Modellen legg til grunn at kvar klasse skal i gjennomsnitt ha elevtismetall på 23.5 t/v. I tillegg legg modellen til grunn at det skal vere 10 t/v pr. klasse i tillegg. Tilleggsressursen skal dekke rådgjevarressursen, kontaktlærar, delingstimar i praktisk-estetiske fag, symjing og andre aktuelle fag. I tillegg skal det dekke timar til å gje naudsynt valfag i samsvar med lov og forskrift. Jf. §§ 1.8 og 1.14 i opplæringslova.

Det ligg også inne timar til å dele i andre fag for elevar som krev ekstra hjelp utan å ha krav på spesialundervisning.

Kolonne I er timetal 8.-10. klasse, kolonne J er klassetal etter klassesdelingsreglane, kolonne K er minstetimetallet kvar klasse må ha og kolonne L er tilpassa tillegg

4.2.5 Tidleg innsats fordelt etter elevressurs. Kolonne N

Til tidleg innsats for 1.-10. klasse får kommunane eit øyremerka tilskot som i 2019 utgjør knappe 6 mill. for kommunane i Sunnfjord kommune. I modellen er det lagt inn dei 6 mill. som utgjør ca. 150 lærartimar alt etter kva løn lærarane har. Desse timane har vi fordelt som ein elevressurs. Ut frå elevtalet i 2019 utgjør det 0,05 time pr. elev. Desse er fordelt på dei ulike skulane ut frå elevtal pr. 1.august 2019.

Frå 2020 er midlane lagt inn i rammeoverføringane frå staten og redusert. Utifrå storleiken på desse overføringane, må det reknast ut ny sats per elev.

I kolonne O er samla timetal til klassesstimar, tilpassa opplæring og tidleg innsats for 1.- 10. klasse.

4.2.6 Timar til spesialundervisning § 5.1. Kolonne P

Dette er timar som skal nyttast til å dekke dei einskildvedtak etter §5.1 som er gjort etter sakkunnig tilråding. Sidan det er så ulik praksis i dei 4 kommunane på dette området, er det lagt inn ein lik sum pr. elev på dei ulike skulane med utgangspunkt i den ramma Førde nyttar til spesialundervisning. Her må det gjerast ei vurdering ut frå elevgrunnlaget og sakkunnige tilrådingar og den samla summen må fordelast på skulane på det grunnlag.

Ved endring av lovverket mot meir tilpassa undervisning, kan denne summen reduserast og flyttast til kollona for tidleg innsats/tilpassa opplæring.

4.2.7 Timar til tilpassa opplæring/skjønnpott Q

Kommunane har i dag ekstra ressursar til tilpassa opplæring. Denne kan m.a. nyttast til å dele klassar med elevtal som ligg nær opp til delingstalet. Kan også nyttast til å dele klassar/auke ressursar til klassar med elevar som har ekstra utfordringar.

Ved små ungdomsskular med 1 klasse pr. årsteg og ved fådelte ungdomsskular gjev ikkje modellen nok ressursar til I gruppedeling i valfag og tilvalsfag. Denne potten kan nyttast til å sikre at alle elevane får eit likeverdig tilbod på dette området. Denne potten kan også nyttast til å dekke inn ekstra behov for tilpassa opplæring og til oppfølging av elevar som treng ekstra hjelp for å fylgje med. I tillegg kan potten nyttast til ressurs for IKT kontaktar, og til å dekke leirskule/ekskursjonsplan ved skulane. Dette er ein skjønnpott som rådmann må fordele mellom skulane etter behov kvar år.

4.2.8 timar til tidsressurspott. Kolonne R

I Arbeidstidsavtalen for lærarar er det avsett ein ressurs på 2 årssrammetimar pr. elev til skuleleiarar og lærarar med ein byrdefull undervisningssituasjon. Denne ressursen skal fordelast etter drøfting på den einskilde skule. Denne er rekna ut automatisk ut frå elevtal på den einskilde skule.

4.2.9 Timar til livsfasetiltak. Kolonne S

Lærarar som underviser sitt første år etter utdanning skal undervise 6% færre timar, Lærarar mellom 57 og 60 år skal ha 6 % færre undervisningstimar og lærarar over 60 år skal ha 12,5 % færre undervisningstimar.

I denne kolumna er talet automatisk rekna ut på bakgrunn av tal årsverk i grunnlagsskjema for den enkelte skule i ressursmodellen.

Kolonne T syner det samla undervisningstimetalet som kvar einskild skule skal ha til ordinær undervisning.

4.2.10 Timar til opplæring i særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar §2.8. Kolonne U og V

Sidan det er så ulik praksis i dei 4 kommunane på dette området, er det lagt inn ein lik sum pr. elev på dei ulike skulane med utgangspunkt i den ramma Førde nyttar til spesialundervisning. Fordeling av ressursane skal skje på grunnlag av testar jf. § 2.8 i opplæringslova. Det samla timetalet til norsk og morsmål skal fordelast på dei ulike skulane ut frå tal elevar som har rett på slik undervisning.

Kolonne W syner det samla timetalet kvar skule får tildelt inkludert timar til særskild norsk og morsmål.

5 Leiingsressurs til skulane

Det er utarbeidd ein modell for fordeling av ressursar til leiing på dei ulike skulane i Sunnfjord kommune. Denne bygger på ein grunnressurs pr. skule ut frå skuleslag. I tillegg er det ein elevfaktor der det er trappeteg på ressurs pr. elev. Det ligg også inne i modellen ekstra ressursar på bakgrunn av spes.ped, timar til framandspråklege elevar og andre ting som krev ekstra leiingsressurs. Den ligg som eige vedlegg.

6 Område som ikkje er inne i hovudmodellen

6.1 Midlar til leksehjelp

Det er avsett midlar til leksehjelp i tråd med det som er bestemt i lov og avtaleverk. Arbeidsgruppa føreslår at leksehjelp vert lagt til mellomsteget, med fleksibel ordning om ein vil tilby leksehjelp i 4. eller 8.klasse, to 60 minutt økter per veke. Dette bør fordelast på to vekedagar.

Dette er ført på eiga teneste i budsjettet, og har ei eiga fordeling som ikkje ligg inne i denne modellen.

6.2 Leirskule/overnatting

Stortinget har vedteke at alle elevar skal ha ein tur med minst 3 overnattingar i løpet av skuletida. Dette har ein kostnad som må innarbeidast i budsjettet, men er ikkje med i denne modellen.

6.3 Ressursar til tid til å utøve ulike funksjonar

Det er oppretta ulike funksjonar med bakgrunn i sentralt avtaleverk og lokale vedtak. Døme er IKT og spes.ped koordinator. Det er lagt inn midlar til å løne desse funksjonane, men det er utfordrande at det ikkje er avsett tidsressursar til å utøve desse funksjonane. På mange av skulane må dei då nytte timar avsett til elevtimar for å utføre desse oppgåvene. Det er viktig at det vert avsett ressursar som gjer at det vert likt for alle skulane. Det er ikkje lagt inn midlar til delte i denne modellen, men bør leggest inn ved revisjon av modellen. Alternativt er at det vert lagt inn i budsjettet på eigen post.

6.4 Timar til assistentar og andre faggrupper

Skulane nyttar i dag ein stor ressurs til ikkje pedagogisk personale jf. §10.11 i opplæringslova. Desse har ein viktig funksjon for å fylgje opp elevar som treng ekstra hjelp. Desse er tildelt etter sakkunnig vurdering. Det må utarbeidast ei eiga fordeling av desse ressursane som må leggest som vedlegg til denne modellen.

Desse midlane bør fordelast etter same prinsipp som timane etter §5.1 i punkt 4.2.6, kolonne P.

Det må leggest inn planleggingsressurs jf. SFS 2201.



6.5 Vikarmidler

Det er i dag ulikt korleis midlane til vikar vert lagt inn i budsjettet. Prinsippet som skal gjelde i Sunnfjord kommune er at midlane til vikar ikkje ligg i denne modellen, men vert lagt inn i budsjettet med ein netto kronesum på konto for vikarutgifter. Det vert ikkje lagt inn refusjonar frå NAV i budsjettet.

6.6 Timar til elevar frå andre kommunar, (gjesteelevar).

Kommunane har i dag elevar frå andre kommunar, og som andre kommunar betaler for. Det kommunen får ein generell gjesteelevsats og i tillegg ofte midlar til spesialundervisning. Dette er midlar som kjem i tillegg til det denne modellen fordeler fordi desse elevane ikkje er lagt inn i grunnlaget for utrekning. Prinsippet som gjeld er her at gjesteelevsatsen vert tilført kommunen sentralt, medan midlane til spesialundervisning vert tilført den einskilde skule.

6.7 Driftsmidler

Midlane til drift vert fordelt etter ein eigen fordelingsnøkkel og er ikkje ein del av denne modellen.